

Saksnr: 2019/40-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksframlegg

Saksgang

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019

Høyningsfråsegn til lov om språk (språklova)

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune vedtek høyningsfråsegn om språklov slik den ligg føre i vedlegg 1.

Samandrag

Kulturdepartementet har sendt utkast til ny lov om språk (språklova) på høyring. Vestland fylkeskommune sitt forslag til høyningsfråsegn ligg ved, jf. vedlegg 1.

Høyningsfråsegna frå Vestland fylkeskommune handlar i hovudsak om nynorsk som offentleg tenestemål. Prosjektleiar rår til at fylkeskommunane skal høyre under lova, jf. § 3 i utkast til språklov. Vidare rår prosjektleiar til at spørsmålet som gjeld krav til skrivekompetanse, jf. § 16 i utkastet til språklov, skal gjelde på organisasjonsnivå (ikke individnivå). Prosjektleiar rår også til at Språkrådet må rå over eit sett med positive verkemiddel for å følgje opp språklova, jf. § 18.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Høyningsfråsegn ny språklov
- 2 Brev om språklov, Kulturdepartementet
- 3 Høyningsnotat språklov, Kulturdepartementet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet sendte ut høyringsnotat med utkast til ny *lov om språk* (språklova) 24. august 2019, med korrigert versjon 26. august 2019. Høyringsfristen til språklova og høyringsnotatet er sett til 15. november 2019. Forslaget til ny språklov skal erstatte gjeldande *lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste* (mållova).

Føremålet med framlegget er å lovfeste statusen til norsk språk og å definere statusen til samiske språk, norsk teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for (kvensk, romani og romanes). Vidare er føremålet å slå fast ansvaret det offentlege har for dei nemnde språka.

Kulturdepartementet ønskjer gjennom den nye språklova å femne om viktige element i ein heilskapleg språkpolitikk, der både ulike språklege fleirtal og mindretal blir tekne omsyn til. Departementet vil gjennom lova sikre vern av fellesspråket norsk og mindretalsvern av dei språklege mindretala i Norge, medrekna nynorskbrukarane. Departementet meiner lovforslaget balanserer omsynet til forenkling, effektivitet og smidigkeit i arbeidet hos statsorgana med omsynet til å fremje likestilling av dei to skriftspråka bokmål og nynorsk, og til å styrke nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

Departementet legg fram to alternativ når det gjeld spørsmålet om kva reglar som skal gjelde for fylkeskommunane i språklova. I det eine alternativet er fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ verkeområde for lova, i tillegg til statlege organ. I det andre alternativet er berre statlege organ verkeområde for lova, slik praksis er med dagens mållov. I høyringsfråsegna blir dette problematisert, med konklusjon om at Vestland fylkeskommune støttar det første alternativet, som inneber at fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ skal vere verkeområde for lova.

Eit anna og nytt forslag frå departementet er å endre regelverket som gjeld kravet til skrivekompetanse. Her ønskjer departementet å endre regelverket frå ei *individuell* plikt for tilsette i statsforvaltninga om å nytte nynorsk og bokmål i tråd med gjeldande reglar til ei plikt på *organisasjonsnivå* for statsorgana og eventuelt fylkeskommunale organ, om desse blir verkeområde for lova. Vi problematiserer dette i høyringsfråsegna ved å peike på fordelar og ulemper ved ei slik endring. Konklusjonen i høyringsfråsegna er at Vestland fylkeskommune støttar departementet sitt forslag.

Forslaget til høyringsfråsegn om ny språklov blir lagt fram for hovudutval for kultur, idrett og integrering og fylkesutvalet med mål om å sende fråsegna til departementet innan fristen 15. november.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 7.

Fylkesutvalet, jf. vedteke reglement for fylkesutvalet, punkt 6.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen direkte verknad.

Klima: Ikke relevant.

Folkehelse: Ikke relevant.

Regional planstrategi: Moderat verknad.

Den nye språklova vil kunne ha verknad for regional planstrategi innan emna språk, klarspråk, språkkompetanse og tenestespråk i organisasjonen. Blir fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ verkeområde for lova vil det innebere endringar samanlikna med dagens praksis som gjeld mellom anna svar til private rettssubjekt på den målforma spørsmålet eller innspelet er stila.

Konklusjon

Kulturdepartementet har sendt utkast til ny lov om språk på høyring. Utkastet til ny språklov lovfestar statusen til norsk språk og definerer statusen til mindretalsspråka. Språklova er eit viktig grep for å verne om og styrke det norske språket, som er under press frå engelsk. Vidare vil lova verne om og styrke nynorsk, som det minst brukte av dei to norske språka. Lova gir oss fleire gode verkemiddel for vern og styrking av både fleirtalsspråk og mindretalsspråka.

Spørsmålet om språklova skal ha fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ som verkeområde er sentralt i lovarbeidet. Prosjektleiar rår til at Vestland fylkeskommune stiller seg positive til at fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ skal vere verkeområde for lova.

Spørsmålet om krav til skrivekompetanse er eit anna drøftingspunkt. Prosjektleiar rår til at Vestland fylkeskommune stiller seg positive til Kulturdepartementet sitt forslag om at plikta til skrivekompetanse blir lagt på organisasjonsnivå og ikkje på individnivå.

Prosjektleiar rår til at fylkesutvalet sender inn høyringsfråsegn til ny lov om språk slik denne er utforma i vedlegg 1.